

HURRA FOR URAVEGN 30 ÅR!



Ei fin feiring har me hatt i dag ☺

For 30 år sidan starta Årdal kommune opp med barnehage her i Uravegen. Aud H. Størdal og Astrid Strand var med frå byrjinga, og kjekt var det at Astrid som vart pensjonist for 4 år sidan tok turen opp for å feira i lag med oss.



Jannicke og Rigmor hadde ei fin samlingstund der dei formidla historikken til barnehagen på ein framifrå måte. Frå oppstarten i 1986 med ein og halv avdeling - sidan vart det oppgraderingar og utvidingar slik at fleire ungar kunne få plass i denne flotte barnehagen. No har me plass til 42 barn (54 plassar) og 12 vaksne (10 årsverk) Sjølv sagt var det bursdagsong - Aud og Astrid på « bursdagsstolen » , bursdagskrone, ballongar , pølser og godteri høyrer sjølv sagt med.



Aud og Astrid har vore med heile vegen - og som Aud formidla så fint på foreldremøte førre kveld - « Her har vore mykje song, leik, drama, spel, forming, gym, latter og glede. Me har og måtta oppleve botnlaus sorg, mista kollegaer og opplevd at små barn mistar sine foreldre. Då var det tøft å vera den profesjonelle - for desse borna vart me ein trygg base - eit pusterom... »

Vidare fortel «damene» at tidene har forandra seg - mykje har skjedd på desse 30 åra . Likevel er hovudfokuset det same - nemleg at me skal skape trygge, gode og lærerike kvardagar for barna.

Me er takknemlege for ha ein god arbeidsplass og ein flott barnehage. Gler oss til nye bursdagsfeiringar, og håpar at me framleis kan fornye, vedlikehalde og vidareutvikla bygget - uteområdet og innhaldet i barnehagen vår.

